

## Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Lise-May Sæle (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 2

Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane. Hovudutval for kultur, idrett og integrering understrekar viktigheita av Kompetanseforum Vestland og ynskjer at ein skal supplere med minst éin student som skal representere studentane i Vestland. Studentane har ein svært viktig nøkkelrolle i kompetansearbeidet i Vestland. Velferdstinget Vest får mynde til å oppnemne studentrepresentantar til Kompetanseforum Vestland.

Samstundes ber ein administrasjonen fortløpande melde tilbake til utvalet om progresjonen og resultatata av arbeidet som vert gjort i Kompetanseforum Vestland.»

Det var 14 representantar tilstades.

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Sæle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 og 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk og integrerings-/inkluderingspolitikk.
2. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane. Hovudutval for kultur, idrett og integrering understrekar viktigheita av Kompetanseforum Vestland og ynskjer at ein skal supplere med minst éin student som skal representere studentane i Vestland. Studentane har ein svært viktig nøkkelrolle i kompetansearbeidet i Vestland. Velferdstinget Vest får mynde til å oppnemne studentrepresentantar til Kompetanseforum Vestland.

Samstundes ber ein administrasjonen fortløpande melde tilbake til utvalet om progresjonen og resultatata av arbeidet som vert gjort i Kompetanseforum Vestland.

3. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
4. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.